

Årsrapport 2011



Post- og teletilsynet

Innhald

Innleiing	3
Mål 1.....	4
Termineringspriser Lycamobile Norway	4
Grossistmarknadene for originering, terminering og transitt	4
Marknadene for overføringskapasitet	5
Breibandsmarknadene.....	5
Brukarundersøkingar	5
Mål 2.....	6
Nasjonal frekvensplan.....	6
Auksjonar	7
Digital dividende	7
Leggje til rette for vidare overgang frå analog til digital kringkasting	7
Administrere RDS/PI-kodar for radiokringkasting	7
Forhandlingar om ein landsdekkande 6. signalpakke i frekvensområdet 470-790 MHz.....	8
Endra rutinar for nummerportering	8
IPv6.....	8
Mål 3.....	9
Mediesaker	9
Besøktal 2011 for PT sine nettstader	11
Nettfart.no	11
Nettvett.no.....	11
Finnsenderen.no	12
Stråling	12
Telepriser.no	13
Utvikling for tilsyn med frekvensbruk – statistikk.....	13
Mål 4.....	14
Deltaking i BEREC	14
Nettnøytralitet	14
Nye former for distribusjon av TV og anna multimedieinnhald – CDN	14
Breibandskartlegging	14
Mål 5.....	15
Etablere sekretariat for GAC i ICANN.....	15
Oversyn over internasjonal deltaking	15
Mål 6.....	16
Evaluering av øvingar og tilsyn.....	18
Avtaler og pålegg	19
Datalagringsdirektivet.....	20

Mål 7.....	21
Risikostyring	22
Oppsummering av risikobildet.....	22
Vurdering av tiltak.....	23
Konklusjon av risikovurderinga.....	23
Administrative høve	23
Inkluderande arbeidsliv.....	23
Lærlingar i staten	23
Gjere offentlege data tilgjengelige	23
Personalmessige høve.....	23
Økonomi	24

Innleiing

Denne årsrapporten er skriven etter mal frå tildelingsbrevet for 2011, som Samferdselsdepartementet har utarbeidd.

Tildelingsbrevet gir eit oversyn over kva Post- og teletilsynet (PT) skal prioritere i tilsynsarbeidet gjennom året. For 2011 er tildelingsbrevet delt inn i sju mål. Under kvart mål er det fleire delmål og aktivitetar som PT skal rapportere frå. Nokre av dei skal rapporterast i dei to tertialrapportane, og nokre skal omtalas i årsrapporten. Årsrapporten gir derfor ikkje eit totalt oversyn over alt PT har jobba med i 2011.

I 2011 slutta Willy Jensen som direktør i tilsynet.

Underteiknande tidlegare avdelingsdirektør for Tenestemarknad i PT, vart tilsett som ny direktør og byrja i stillinga 1. august 2011.

Hausten 2011 jobba PT med ei intern omorganisering, og etter ein prosess saman med dei tilsette, vedtok leiinga i desember nokre endringar som førte til at talet på avdelingar og seksjonar vart redusert. Den nye organiseringa gjeld frå 1. januar 2012, og aktivitetane som vert omtala i denne rapporten er derfor utførte under den organiseringa som gjaldt i 2011.

Lillesand, 8. mars 2012

Torstein Olsen
direktør

Mål 1

PT skal leggja til rette for og utvikla verksam og berekraftig sektorspesifikk konkurranse på marknadene for post (utanom einerettsområdet) og elektronisk kommunikasjon, og fremja gode løysingar i post- og ekomfaglege saker.

Til årsrapporten skal PT rapportere frå desse aktivitetane:

- *Post- og teletilsynet skal i 2011 særskilt føra tilsyn med desse einskildmarknadene: Marknad 7 (terminering av tale i mobilnett - Lyca mobile): gjennomføra analyse og eventuelt vedtak*
- *Marknad 2 (originering), marknad 3 (terminering) og tidlegare marknad 10 (transitt i fastnett): gjennomføra marknadsanalyser og eventuelle vedtak. I marknad 10 skal det først vurderast om marknaden framleis oppfyller vilkåra for regulering (tre-kriterietest).*
- *Marknad 6 (grossistmarknad) og tidlegare marknad 7 (sluttbrukarmarknad) og 14 (grossistmarknad): gjennomføra marknadsanalyse og vedtak. For dei tidlegare marknadene 7 og 14 skal det først vurderast om marknadene framleis oppfyller vilkåra for regulering (tre-kriterie-test).*
- *Marknad 4 (grossistmarknaden for full og delt tilgang til faste aksessnett) og marknad 5 (grossistmarknaden for tilgang for levering av breibandstenester, t.d. bitstrømstilgang): marknadsanalyse og varsel om vedtak på nasjonal høyring.*

Det bør òg gjennomførast ei undersøking blant befolkninga for å betra kunnskapen om etterspørselsida i ekommarknadene.

Termineringspriser Lycamobile Norway

Lycamobile Norway Ltd (Lyca) etablerte seg i 2010 som ny mobiltildarar (MVNO) i Noreg. Post- og teletilsynet (PT) har analysert grossistmarknaden for terminering av tale i mobilnett hos Lyca (marknad 7).

I vedtak 15. juni 2011 vart Lyca utpekt som tilbydar med sterk marknadsstilling og fekk særlege plikter i dette marknaden, på line med andre tilbydarar av terminering i mobilnett. Tilsynet har ikkje funne grunnlag for å tillate at Lyca har høgare termineringsprisar enn andre tilbydarar i marknad 7, og Lyca må redusere termineringsprisane ned til 15 øre per minutt frå 1. januar 2013. Reduksjonane vil skje i same takta som for Telenor, NetCom, TDC og Ventelo, noko som mellom anna inneber at maksimal termineringspris hos Lyca er 30 øre per minutt frå 1. juli 2011. Vedtaket vart ikkje klagt på.

Grossistmarknadene for originering, terminering og transitt

PT har analysert grossistmarknadene for originering (marknad 2), terminering (marknad 3) og transitt (tidlegare marknad 10) i fastnett. Telenor har fortsatt sterk marknadsstilling i marknad 2, og i marknad 3 er i alt 13 tilbydarar funne å ha sterk marknadsstilling. PT fatta 1. august 2011 vedtak i marknad 2 og 3 for dei aktuelle tilbydarane. PT har utvikla ein LRIC-modell for trafikk i fastnett, og resultatane frå LRIC-modellen vert nytta som grunnlag for regulering av originerings- og termineringsprisane.

Vedtaket inneber ein gradvis reduksjon av desse prisane dei næraste åra. Alle tilbydarane av terminering er med dette underlagt det same pristaket (symmetriske termineringsprisar). Frå 1. januar 2014 vil maksimalprisen for originering hos Telenor være 3,3 øre per minutt, og frå

same tidspunktet vil maksimalprisen for terminering være 2,6 øre per minutt for alle tilbydarane.

Network Norway og Tele2 har klaga på prisreguleringa i marknad 2 og 3.

Når det gjeld marknaden for transitt, har PT gjennomført tre-kriterie-test og kome til at marknaden ikkje lenger fyller kriteria for ex-ante regulering. Det er ikkje lenger høge og varige hinder for etablering i dette marknaden. PT fatta derfor vedtak 1.august 2011 om at den tidlegare reguleringa av Telenor i transittmarknaden vil verte heva med verknad frå 1. februar 2012. Vedtaket vart ikkje klaga på.

Marknadene for overføringskapasitet

PT har i 2011 analysert markedene for overføringskapasitet. Varsel om vedtak vart sendt på nasjonal høyring 23. september 2011. I grossistmarknaden for overføringskapasitet opp til og med 8 Mbit/s (marknad 6), har PT funne at Telenor fortsatt har sterk marknadsstilling. PT har i denne marknaden varsla vidareføring av gjeldande plikter for Telenor, med nokon mindre endringar. I grossistmarknaden for overføringskapasitet over 8 Mbit/s (tidlegare marknad 14) og i sluttbrukarmarknaden for minimumstilbod av overføringskapasitet (tidlegare marknad 7), har PT gjennomført tre-kriterie-testar og funne at ingen av desse markedene lenger kvalifiserer for ex-ante regulering. PT har derfor varslet at Telenors plikter i desse markedane vil ta slutt.

PT tar sikte på å notifikere utkast til vedtak i alle tre markedene til ESA i løpet av 1. tertial 2012.

Breibandsmarkedene


PT har i 2011 byrja arbeidet med nye analyser av grossistmarknaden for full og delt tilgang til faste aksessnett (marknad 4) og grossistmarknaden for tilgang for levering av breibandstenester (marknad 5). Det har til dømes vore halden møter med aktørane. PT tar sikte på at varsel om vedtak vil verte sendt på nasjonal høyring i løpet av 1. tertial 2012.

Brukarundersøkingar

Individundersøkinga 2011

PT skal fremje konkurranse i ekommarknadene og sikre at alle brukarar får tilgang til gode, rimelige og framtidsretta elektroniske kommunikasjonstenester. Ein viktig føresetning for effektiv konkurranse, er at forbrukarane har god informasjon om tenester og leverandørar i marknaden og faktisk nyttar denne kunnskapen til å foreta konkrete val og handlingar.

For å få betre innsikt i brukaranes val og kunnskap, har PT i samarbeid med TNS Gallup gjennomført ein individundersøking (utvalsundersøking) våren 2011 kor vi har spurt eit representativt utval av personar mellom 15 og 85 år om deira nytte av og kunnskap om fasttelefoni, mobiltelefoni og Internett, og de aksessløyser som hushalda nyttar. Det vart også trekt ut eit tilleggsutval av personar med nedsett funksjonsevne, for å kunne kartlegge tilbod rette mot brukarar som har trong for særlege teneste. Det er første gongen PT presenterer egne rapportar om korleis funksjonshemma nyttar ekomtenester. PT vil jobbe vidare med tala, med tanke på å presentere endelege rapportar i andre halvår 2012.



Døme på eit resultat av undersøkinga: «Bruk av sosiale medier på datamaskin i dag. Fordeling etter aldersgrupper».

31. oktober 2011 hadde PT ei pressekonferanse kor hovudresultata vart presentert. Same dagen publiserte PT ein rapport med resultata frå undersøkinga.

PT vil mellom anna nytte resultata til å understøtte analyser i samband med SMP-arbeidet. Resultata er og nyttige for vidareutviklinga av PT sine portalar retta mot forbrukarane, til dømes Telepriser.no og Nettvett.no.

Mål 2

PT skal fremja effektiv bruk av samfunnsressursane frekvensar, nummerseriar og internettressursar som IP-adresser og domenenavn.

Til årsrapporten skal PT rapportere frå desse aktivitetane:

- *Vedlikehalda norsk frekvensplan for å informera marknaden om noverande og planlagd bruk av frekvensressursane*
- *Planleggja og gjennomføra auksjon av nye frekvensband og nummerseriar etter behov*
- *Ta del i arbeidet med å disponera og tildela ressursar i den digitale dividenden*
- *Etablera og leia nasjonalt samarbeidsorgan for utveksling av planar og erfaringar i samband med innføring av internettprotokoll versjon 6 (IPv6).*
- *I samarbeid med bransjen revidera gjeldande rutinar for NRDB (Norsk Referansedatabase) for å fremja meir effektiv nummerportering*
- *Leggja til rette for vidare overgang frå analog til digital kringkasting*
- *Administrera RDS/PI-kodar for radiokringkasting*

Nasjonal frekvensplan

Noreg er gjennom EØS-avtala forplikta til å melde inn mellom anna nasjonal frekvensplan til det europeiske frekvensinformasjonssystemet EFIS. PT gjennomførte i 2011 ei oppgradering av vårt interne frekvensplanleggingsverktøy og oppdaterte den nasjonale frekvensplanen før vi

meldte inn denne til EFIS. I tillegg har vi arbeidd med ein ny versjon av planen for PT sine nettsider, og vi forventar at denne vert lansert i første tertial 2012. Frekvensplanen gjer det mogleg for brukarane sjølve å kunne søkje seg fram til frekvensområde for å kunne sjå kva dette vert nytta til, finne frekvensløyve og finne relevante internasjonale dokument som legg føringar for den nasjonale reguleringa.

Auksjonar

I 2011 vart det ikkje trong for frekvensauksjonar.

Digital dividende

I arbeidet med tildeling av frekvensar i den digitale dividenden har PT i 2011 inngått koordineringsavtaler med Sverige og Russland. Særleg var avtalen med Russland viktig, sidan bruken av frekvensane i Russland skil seg frå bruken i Noreg. Gjennom avtalen vil operatørane i Noreg ha mykje betre vilkår ved utbygging av mobilt breiband i Troms og Finnmark enn dei ville hatt utan ei slik avtale. I tillegg til avtalene med Sverige og Russland, er ei tilsvarande avtale med Finland snart klar, og vi forventar at denne vert signert tidlig i 2012.

Som eit ledd i førebuingane til auksjon fekk ATDI Ltd. i oppdrag av PT å berekne kor mykje interferens eit framtidig mobilt breibandsnett i dividendebandet kan skape for det digitale bakkenettet for fjernsyn. Rapporten frå ATDI estimerte kor mange TV-sjåarar som teoretisk kunne verte råka, og presenterte moglege tiltak for å løyse desse interferensproblema. PT sende rapporten på høyring og tok imot fire høyringssvar. Som oppfølging av denne høyringa, publiserte PT 8. desember ei ny høyring med forslag til korleis sameksistensen mellom dei to tenestene skulle handterast i praksis. PT foreslo mellom anna at det digitale bakkenettet kan krevje vern mot forstyrringar frå mobilt breiband, om bakkenettinstallasjonane fyller visse krav. Vilkåra for vern av bakkenettet er viktige for dei som skal ta del i auksjonen av dividendefrekvensane, og vil i nokon grad få følgje for prisen på dei einskilde frekvensblokkene. Høyringa vart avslutta 5. februar 2012 og PT tok imot svar frå ti høyringsinstansar. PT arbeider no med oppfølging av desse.

Leggje til rette for vidare overgang frå analog til digital kringkasting

PT og Medietilsynet (MT) inviterte alle interesserte til å søkje på frekvensløyve og konsesjon for sendaranlegg i Riksblokk II. Søknadane som tilsyna fekk inn, synte at det var overskotsetterspurnad etter ressursane for Riksblokk II. Det førte til at PT og MT spurte SD og KUD om avklaring for vidare prosess med tildeling av Riksblokk II.

I mai fekk NMTV nytt frekvensløyve til å prøve mobil-TV i Oslo-området, basert på DMB-teknologien.

PT ga mot slutten av 2011 nytt frekvensløyve til Studentradioen i Oslo for utprøving av digital lydkringkasting (DAB+) i Oslo. Før tildeling vart det avklart at det ikkje var overskotsetterspurnad etter frekvensressursane.

Administrere RDS/PI-kodar for radiokringkasting

I påvente av at ny ekomlov trer i kraft, har PT arbeidd med naudsynte tiltak for å kunne ta over forvaltninga av RDS-kodar for FM-radio. Gjennom dette arbeidet har det vorte klart at PT også bør forvalte DAB-kodar. God forvaltning av både RDS- og DAB-kodar er viktig for å sikre

gode og robuste kringkastingsteneste, i tillegg til å gjere det mogleg med saumlaus svitsjing mellom FM- og DAB-sendingar. Forvaltninga av RDS- og DAB-kodar vil verte heimla i revidert nummerforskrift, som ikkje kan verte implementert før ny ekomlov er vedteke av Stortinget.

Forhandlingar om ein landsdekkande 6. signalpakke i frekvensområdet 470-790 MHz

PT har sidan 2008 forhandla om koordineringsavtale med Sverige og Danmark. Avtalen vil gje alle dei tre landa høve til å byggje ut ei landsdekkande 6. signalpakke (MUX) for digital fjernsynskringkasting i frekvensområdet 470-790 MHz. Bakgrunnen for forhandlingane er avgjerdene i Sverige, Danmark og Noreg om å tildele den digitale dividenden over 790 MHz til mobile teneste. Dette førte til eit ønskje om å auke kapasiteten i det digitale bakkenettet med éi ekstra signalpakke for kringkasting i frekvensbandet 470-790 MHz.

Forhandlingane vart slutførte i starten av 2011, og avtala vart signert i april. Avtala legg til rette for at ei 6. signalpakke i frekvensbandet 470-790 MHz kan takast i bruk i Noreg.

Endra rutinar for nummerportering

Med bakgrunn i det endra kravet i artikkel 30 i Tenestedirektivet, opprette PT i februar 2011 ei faggruppe som skulle sjå nærare på gjeldande rutinar i NRDB for nummerportering. Faggruppa vart leia av NRDB og hadde deltakarar frå Tele2, Telenor, TeliaSonera, TDC og PT. Gruppa leverte forslag til endringar på møte i den faste "Arbeidsgruppe nummer" 15. juni 2011. Forslaget gikk i hovudtrekk ut på kortare tidintervall i dei administrative porteringsrutinane, og at tilbydar som tek i mot skulle ha kontrollen med prosessen. Forslaga vart sendt på høyring internt til dei andre tilbydarane i arbeidsgruppe nummer, med frist i oktober 2011 til og gje innspel. PT tok i mot fleire innspel, og avgjerda om endring vil vere klar våren 2012.

IPv6

SD ga i 2011 PT oppdrag å etablere og leie eit nasjonalt samarbeidsorgan for å utveksle planar og røynsle i samanheng med innføring av internettprotokoll versjon 6 (IPv6) i Noreg.

PT skal ta ei aktiv rolle og leggje til rette for innføring av IPv6. PT skal:

- Sikre eit samarbeid om planar og strategiar for innføring av IPv6 i Noreg
- Leggje til rette for at norske internettaktørar kan utveksle erfaringar
- Bidra til at norske internettaktørar held fram med å vere konkurransedyktige
- Sikre norske internettbrukarar tilgang til alle internettenester, og i framtida
- Bidra til at norske styresmakter er informerte om statusen for planar og faktisk implementering av IPv6 i Noreg.

PT arrangerte oppstartsmøte i nasjonal samarbeidsgruppe i mars 2011. Det var stor interesse og ein positiv dialog i møtet.

I etterkant har IKT-Norge i samarbeid med bransjen etablert IPv6-Forum. Her er det arrangert to to-dagars konferansar. PT har delteke som foredragshaldar og i paneldebatt. PT ser initiativet frå IKT-Noreg som positivt og eit viktig supplement til den nasjonale samarbeidsgruppa. PT har ikkje gjennomført ytterligare møter i nasjonalt samarbeidsorgan i

2011 fordi mykje av føremålet med samarbeidsgruppa vert dekkja gjennom IPv6-Forum. PT planlegg neste møte i samarbeidsgruppe våren 2012 med bidrag frå RIPE NCC.

Tal frå RIPE NCC for 2011 syner at Noreg ligg fremst i Europa når ein måler %-del av internettleverandørar som har fått tildelt IPv6-adresser og som "annonserer" desse på Internett. Aktiviteten tok seg særlig opp i Noreg hausten 2010, da PT intensiverte arbeidet med å fokusere på innføringa av IPv6 i Noreg, og arrangerte eit nasjonalt møte der leiinga i SD og PT var med

Mål 3

PT skal informere samfunnet om utviklinga på post- og ekommarknadene og tilsynet si verksemd.

Til årsrapporten skal PT rapportere frå desse aktivitetane:

- *Vidareutvikla Nettfart.no og vidareføra drift av eksisterande nettstader på tilsynet si heimeside på Internett*
- *Vidareutvikla arbeidet med Nettvett.no og driva utstrakt besøksverksemd i skolesektoren for å informera om sikker bruk av Internett*
- *Vidareutvikla Finnsenderen.no m.a. ved å leggja til informasjon om t.d. kringkastingssendarar*
- *Gjennomføra undersøkingar hos utvalde aktørar og brukarar på ekommarknadene for å avdekkja kor nøgde dei er med tilsynet sine nettstader*
- *Vera synleg i media med informasjon, og gi faglege premisser for samfunnsdebatten på post- og ekomområda*
- *Vidareutvikla Telepriser.no, slik at nettstaden framleis kan vera det leiande forbrukarverktøyet for prissamanlikning for ekomtenester*
- *Ta del i utvalde faglige fora og halda foredrag/innlegg*

PT arbeider for å ha ei offensiv, men sannferdig framferd overfor målgruppene våre. Hovudmålgruppa er dei selskapa som sel post- og ekomtenester til forbrukarar og bedrifter, men og mellom anna forvaltning og forbrukarar i dei høva der det er naturleg at tilsynet har ei sjølvstendig røyst.

I 2011 har PT gjort kvalitative undersøkingar av korleis særleg heimesida www.npt.no verkar for målgruppene. Vi har intervjuet fleire aktørar innan ekom, i tillegg til Posten Norge, om kva dei ynskjer av PT si heimeside og annan informasjonsverksemd. Resultata er systematiserte og er viktige innspel til det store prosjektet vi er om lag halvvegs i, der vi skal utvikle ny plattform for drift av PT sine nettstader, nytt design, ny oppbygging og delvis nytt innhald på heimesida. Del 1 av prosjektet (ny heimeside) skal vere klart i siste kvartal av 2012.

PT har i 2011 vore aktiv med mange foredrag innan tema som tilsynet ønskjer å diskutere med bransjen. Vi har hatt fleire møte innan konseptet "Fagleg djupdykk", der vi legg fram problemstillingar og rapportar og diskuterer dei med bransjen. Den nye direktøren, Torstein Olsen, har også gitt ei rekkje foredrag om PT som styresmakt og tilsyn, og vi har vore aktive der bransjen sjølve inviterer til debatt og foredrag.

Mediesaker

Det er krevjande å vere kjelde for media og redaksjonar som i dei aller fleste høve held til i Austlandsområdet, men vi legg vekt på å gjere oss så tilgjengelege som mogleg.

I 2011 har vi jobba med å målrette informasjonsarbeidet stadig betre inn mot dei ulike

målgruppene. Til dømes har vi starta eiga nyhendeteneste for installatørar, og vi får stadig fleire abonnentar til dei andre tenestene våre. Vi har og hatt ei kampanje retta mot båtfolk som nyttar kystradio, og vi har hatt eit godt samarbeid med eigarane av mobilnetta (Telenor, NetCom og Mobile Norway) for å spreie informasjon om at det ikkje er lovleg å nytte mobilforsterkarar i netta. Vi har jobbe med fleire saker der andre styresmakter har vore del, til dømes utstyr som ikkje er lovleg å omsetje i Noreg.

2011 var eit år der PT hadde om lag like mange oppslag i media som tidlegare år, om vi ser bort frå dei store utfalla i mobilnetta i mai/juni og i romjula. I desse dagane var PT nemnt like mange gonger i media som heile resten av året – ca. 2.000.

Vi har klart å forsterke vår eigen posisjon som kjelde for radio- og TV-redaksjonar ytterlegare, til tross for avstanden til Oslo.

Dei viktigaste mediesakene i 2011 var desse:

1) Utfalla i mobilnetta i mai og juni

Utfalla i Telenor sitt mobilnett, av kortare og lengre varigheit, sette verkeleg søkjelyset på kor viktig mobiltenester er for samfunnet. Under eitt av utfalla var det også flaum på Austlandet, og media var særst opptatt av å høyre om moglege årsaker. Ulike aviser hadde ei rekkje saker i samband med at PT sende rapportar til SD om kva som hadde hendt, og om vår vurdering av årsaka. Talet på medieoppdrag var uvanleg høgt – PT vart nemnt i om lag 1000 oppdrag både i mai og juni, men det er viktig å hugse at mange av sakene var fellessaker som vart publiserte i nettaviser over heile landet.

Vi skreiv og ein heilsides kronikk i Dagens Næringsliv: "Tre timer utan telefon".

2) Utfalla i mobilnetta i desember – uveret Dagmar

Her var PT primærkjelde i fleire store medieoppdrag og påverka vinklingar og diskusjonar om korleis samfunnet skal reagere på eit so massivt utfall som det Dagmar førte til. PT hadde og i denne saka uvanleg mange oppdrag i media. Her var det reelle talet på unike saker større enn i mai og juni, fordi særleg radio og TV med jamne mellomrom lagde sine eigne vinklingar og hadde nytt om saka i så og si kvar einaste sending i heile romjula 2011.

Som einaste statlege styresmakt, ga PT og konkrete råd til befolkninga om kva dei kunne gjere for å prøve å få kontakt med naudsentralane (ta ut simkortet).

3) Nytt datalagringsdirektiv

4) Forbode å nytte forsterkarar i mobilnetta

5) 6 av 10 maritime radioar har alvorlege feil

6) Torstein Olsen ny direktør i PT

7) Kvardagsstrålinga er knapt målbar

8) Nye frekvensar til trådlause mikrofonar

9) Rapport om "superbreiband"

10) Ulike saker frå Nettvett

Besøktal 2011 for PT sine nettstader

Nettvett.no	107 418
Npt.no	218 625
Telepriser.no	532 407
Nettfart.no	720 548
Finnsenderen.no	30 805

Nettfart.no

I 2011 vart det registrert 715 625 besøk, noko som tilsvара omlag 60 000 besøk per månad. Dette er ei markant auke i forhold til 2010, då 25 000 besøkte sida kvar månad.

Hausten 2011 innførte PT eit nytt system for registrering av brukaranes måleresultat når dei nyttar Nettfart. I staden for å operere med generelle breibandsprodukt, inneheld tenesta nå spesifikke produkt som er henta direkte frå Internettleverandørane. Dei som nyttar sida kan da samanlikne eige måleresultat direkte med alle andre målingar av det same breibandsproduktet. I samband med omlegginga, vart også sjølve brukargrensesnittet for tenesta oppdatert. Tilbakemeldingar frå brukarar av Nettfart.no viste at endringa vart tatt vel i mot.

Nettvett.no

PT har i 2011 også jobba aktivt med oppdraget vi fekk frå SD i 2005 om at Nettvett skal vere den føretrekte statlege portalen for trygg og sikker bruk av Internett.

Nettvett har hatt ei auke i besøkstala frå 2010 – opp frå 79 000 i 2010 til 107 000 i 2011. PT har gjennom "nettvettundersøkinga 2011" undersøkt kunnskapar om og haldningar til Internett og tryggleik, og har brukt resultatane til å spisse informasjonen enda betre mot målgruppene.

PT har i 2011 halde omlag 100 Nettvett-foredrag, i hovudsak ved skular og i nokre barnehagar. Dei fleste var på Sørlandet, men i november hadde PT ein foredragsturné i Finnmark der seks kommunar/ti skular vart besøkte.

PT har i 2011 lansert boka "Barn og unge på nett". Boka er resultat av eit samarbeid med Lærarutdanningane ved Universitetet i Agder. Boka finst både i ei trykt og ei digital utgåve. Den digitale utgåva ligg på www.nettvett.no. Boka vert også delt ut til foreldre og lærarar når PT held "nettvettforedrag". Universitetet i Agder planlegg at boka skal nyttast som pensum ved lærarutdanningane.




Boka "Barn og unge på nett"

PT arrangerte i april 2011 Nasjonal sikkerhetsdag saman med NorSIS og IKT-Noreg. PT var prosjektleiar for arrangementet i 2011. Nasjonal sikkerhetsdag er eit felles løft og ein dugnad for å spreie kunnskap om truslar, opplyse om viktige tiltak og for å verke til gode haldningar innan informasjonstryggleik. Arrangementet i 2011 vart arrangert hos Telenor på Fornebu med streaming Internett. I tillegg arrangerte PT eit regionalt arrangement i Lillesand med same tema og nasjonale foredragshaldarar, med deltaking hovudsakleg frå Agder-regionen.

PT tok i oktober del i ITUs Council Working Group on Child Online Protection i Genève.

Finnsenderen.no

www.finnsenderen.no vart lansert i februar 2010 og har fram til nyleg synt kor basestasjonar for offentleg mobilkommunikasjon er plasserte. PT har i 2011 vidareutvikla tenesta, og den nye versjonen av Finnsenderen vart lansert 13. desember. Tenesta har no enklare symbol og er meir oversiktlig, i tillegg til at brukarane no også kan finne informasjon om sendarar for kringkasting (radio og TV).



Døme på symbol på Finnsenderen.no.

I samband med tildeling av frekvensar i den digitale dividenden, har det lenge vore klart at frekvensbandet 800-820 MHz ikkje lenger kunne nyttast til trådlause mikrofonar. PT har arbeidd med å finne andre frekvensar for desse brukarane, og eitt av dei mest aktuelle frekvensbanda har vore i dei ikkje utnyttede frekvensområda i bandet for bakkesendt TV. PT har lenge gjeve brukarar kortvarige løyve i dette bandet etter søknad. I samband med opprustinga av

Finnsenderen, valte vi å utvikle ei sjølvbeteningsløyseing der brukarane kan finne ledige frekvensar innanfor eit geografisk område. Denne løyseinga vart lansert same dag som den nye versjonen av Finnsenderen, og er ein del av same nettstaden. Løyve til å ta i bruk frekvensane er no gjeve i fribruksforskrifta, men brukaren finn sjølv frekvensar ved å søkje på Finnsenderen. Den nye tenesta gjer det enkelt for brukarane ved at dei får ei tilbakemelding på om frekvensane er tilgjengelige der og då, og dei treng ikkje lenger å søkje til PT på førehand.

Stråling

PT har gjennom heile 2011 vore involvert i fleire aktivitetar knytt til ikkje-ioniserande stråling frå ekomutstyr, til dømes utføring av målingar og publisering av målerapportar på PT si heimeside.

Statens strålevern presenterte i juni 2011 rapporten "Radiofrekvente felt i våre omgivelser – Målinger i frekvensområdet 80 MHz – 3 GHz". Publikasjonen var eit samarbeid mellom PT og Statens strålevern, og fekk ein del merksemd i media.

Bakgrunnen for prosjektet var ei aukande uro for ikkje-ioniserande stråling frå ekomutstyr. Den offentlege diskusjonen har i all hovudsak dreidd seg om grenseverdiane som vert nytta i Noreg er for høge eller ikkje. Kva eksponering befolkninga faktisk vert utsett for, har i liten grad vore tema.

Statens strålevern og PT ønska derfor å gjere systematiske målingar for å auke kunnskapen om og dokumentere kva for nivå folk faktisk vert eksponert for der dei normalt ferdast eller har opphald over tid. PT utførte og dokumenterte alle målingane som rapporten byggjer på; Til saman 91 målepunkt på 56 adresser i Bergen, Kristiansand, Lillestrøm, Oslo, Ski og Trondheim.

Resultata syner at alle måleverdiane ligg godt under grenseverdiane. Dei høgaste enkeltverdiane vart funne på gateplan og var forårsaka av basestasjonar for mobiltelefoni, i hovudsak GSM-900 og GSM-1800, men også dei verdiane var under grensa for kva som er

tillate. Rapporten ligg her:

http://www.npt.no/ikbViewer/Content/129464/StralevernRapport_2011.pdf

Med utgangspunkt i uroa for eventuelle helseeffektar knytt til ikkje-ioniserande stråling, oppmoda Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) i november 2009 Nasjonalt folkehelseinstitutt om å starte ei tverrfagleg ekspertgruppe. Gruppa, der PT deltek, skal samanfatte den kunnskapen som finst om eksponering for svake radiofrekvente felt, og summera opp forvaltningspraksisen i Noreg og i andre land det er naturleg å samanlikne seg med. Gjennomgangen skal og omfatte grenseverdier og vurdere korleis risikoen ved eksponering vert forvalta. Gruppa skal vurdere om det er naudsynt å endre gjeldande forvaltningspraksis.

Telepriser.no

www.telepriser.no har no vore i drift i elleve år, og talet på besøk er ganske stabilt, om lag 500.000 i året. PT har byrja på arbeidet med å inkludere utvalde pakketilbod i berekningane på Telepriser, fordi tilbodet av slike pakker er sterkt aukande i mobilmarknaden. Forbrukarane treng å samanlikne andre faktorar enn berre pris for å velje det abonnementet som passer best for den einkilde, men dette er ikkje ei likefram oppgåve og det er utfordrande å velje ut kva som skal takast omsyn til og kva som ikkje skal verte ein del av Telepriser.

PT har svart på ei høyring om mogleg samanslåing av statlege forbrukarportalar, mellom anna Telepriser. Ein rapport utarbeidd av Devoteam Da Vinci foreslår at Forbrukarrådet skal drifte portalane. PT har uttalt at vi er nølande til forslaget, fordi det er frivillig for tilbydarane å delta på Telepriser, og PT opplever at dei er opptekne av at det er tilsynet som i hovudsak publiserer og kommenterar tal frå bransjen.

Utvikling for tilsyn med frekvensbruk – statistikk

Statistikk over oppgåver i frekvenskontrollen i 2011 syner at kringkasting, lukka kommunikasjonsnett og kontroll av ekomnett er dei arbeidsoppgåvene det har vore registrert flest av. Dei viktigaste trendane er ein reduksjon i talet på kringkastingssaker, og ei auke i talet på kontrollar og tilsyn.

Mål 4

PT skal gjennomføra faglege utgreiingar og samarbeida med bransjen når det gjeld utviklinga av ekomnett og -tenester.

Til årsrapporten skal PT rapportere frå desse aktivitetane:

- *Medverka til å utvikla eit avtalt europeisk syn på nettnøytralitet gjennom deltaking i BEREC*
- *Følgja opp dei norske retningslinene for nettnøytralitet i samarbeid med aktørane og bransjeforeiningane*
- *I samarbeid med bransjen utgreia korleis nye former for distribusjon av TV og anna multimedieinnhald (jf. CDN-løysingar) skal vurderast i forhold til gjeldande regulering og til nettnøytralitet*

Deltaking i BEREC

PT har sidan 2010 leia ei arbeidsgruppe i BEREC som har sett på regulatoriske aspekt ved nettnøytralitet. Arbeidet i 2011 har vore konsentrert om to hovudaspekt ved europeisk nettnøytralitet:

- bestemminga om det forsterka kravet om informasjon til sluttbrukarane (transparens)
- høvet for regulatørane til å setje minimumskrav til kvaliteten på ekomtenestene.

Både arbeidsstraumane publiserte BEREC-rapportar i desember 2011, og aktivitetane fortset i 2012.

Nettnøytralitet

Etter at dei norske retningslinene for nettnøytralitet våren 2011 hadde vore gjeldande i to år, vart referansegruppa for nettnøytralitet, som består av tilbydaren, bransjeorganisasjonar og forbrukarstyresmaktene, samla igjen. Konklusjonen frå dette møtet var at retningslinene fungerer sånn som dei er ment å gjere, og at det foreløpig ikkje er nokon stor trong for å revidere dei.

Nye former for distribusjon av TV og anna multimedieinnhald – CDN

SD ga i tildelingsbrevet for 2011 PT i oppdrag å greie ut korleis CDN skulle vurderast i høve til gjeldande regulering og til nettnøytralitet. Oppdraget har vorte utført som ei intern utredning og resultatata er samanfatta i ein rapport.

I rapporten er oppbygging og funksjon av CDN-nett forklart og status for CDN i Noreg er gitt. Vidare er det gjort ei regulatorisk vurdering av om CDN vil vere omfatta av dagens ekomlovgeving. CDN i relasjon til nettnøytralitet og robusthet er også gjennomgått. Som ein del av arbeidet har PT hatt fleire møte med tilbydarane av CDN-tenester, kjøparane av CDN-teneste og ISP-ar. Føremålet var å hente informasjon om CDN-aktørane verksemd og installasjonar, avtaler og CDN-leveransar, og få synspunkt på teknologisk og marknadsmessig utvikling, robusthet, konfidensialitet og regulering.

Breibandskartlegging

PT engasjerte hausten 2011 Nexia til å kartleggje trong for kapasitet og trendar innan breibandskommunikasjon. Rapporten er publisert på PT si heimeside.

Mål 5

PT skal fremja norske interesser på post- og ekommarknadene og vera oppdatert om den internasjonale utviklinga på desse områda.

Til årsrapporten skal PT rapportere frå desse aktivitetane:

- *Delta og samarbeida i internasjonalt post- og ekomfagleg arbeid, med hovudvekt på europeiske samarbeidsorgan*
- *Saman med tilsvarande styresmakter i Nederland og Brasil finansiera og etablera eit nytt sekretariat for Governmental Advisory Committee (GAC), som er eit rådgjevande organ for Internet Corporation for Assigned Names and Numbers (ICANN)*
- *I samarbeid med Samferdselsdepartementet utarbeida oversikt over relevante internasjonale fora*
Post- og teletilsynet skal delta i. Oversikta skal publiserast på
Post- og teletilsynet sin nettstad.

PT har deltatt på alle BEREC plenarmøte i 2011 og i BEREC sine arbeidsgrupper. PT har særleg engasjert seg i arbeidet for å sikre EØS-/EFTA-landas formelle involvering i BEREC-arbeidet. Dette arbeidet har like fullt stoppa opp i vente av ei avklaring med Kommisjonen når det gjeld desse landas deltaking i BEREC. PT er og særlig engasjert i BEREC sitt arbeid med nettnøytralitet og internasjonal gjesting. Vidare har PT deltatt i European Regulators' Group for Postal Services (ERGP), både på plenarmøte og i arbeidsgrupper.

Etablere sekretariat for GAC i ICANN

Governmental Advisory Committee (GAC) er det rådgjevande organet oppnemnd av styresmaktane i Internet Corporation for Assigned Names and Numbers (ICANN). I 2011 etablerte PT eit nytt GAC-sekretariat i samarbeid med styresmaktene i Nederland og Brasil. GAC-sekretariatet var operativt frå januar 2011, i Delft i Nederland.

Det vart totalt halde tre ICANN/GAC-møte i 2011. Sekretariatet deltok i alle desse. Forutan å vere administrativ støtte under dei fysiske møta, har sekretariatet hatt jamleg arbeid med å samle og vidareformidle informasjon frå ICANN til GAC-representantane gjennom heile året, og koordinere GAC medlemmenes respons og kommunikasjon mot ICANN.

I 2011 har vi erfart ein god del utfordringar knytt til samarbeidsklima mellom sekretariatet og formannen i GAC. Det vert arbeidd med å få på plass ei ny leiing.

Oversyn over internasjonal deltaking

PT publiserer på heimesida kva for fora tilsynet deltek i internasjonalt. PT søker å lage nyhende om internasjonale hendingar og møte som er viktige for post- og ekombransja i Noreg.

Mål 6

PT skal bidra til at brukarane har tilgang til robuste, sikre og pålitelege elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester.

Til årsrapporten skal PT rapportere frå desse aktivitetane:

- *Identifisera risikofaktorar i ekomnett og -tenester*
- *Synleggjera identifiserte risikofaktorar og moglege konsekvensar av desse ved å gjennomføra øvingar saman med ekomtilbydarane, aleine eller saman med andre offentlege aktørar*
- *Utføra tilsyn hos dei mest sentrale ekomtilbydarane*
- *Retta opp på identifiserte risikofaktorar hos aktuelle tilbydarar gjennom pålegg eller avtalar om utbetring der det er mogleg*
- *Utgreia ei eventuell innføring av automatisert varsling av forventa og uventa utfall av, eller merkbar reduksjon av kapasiteten i ekomnett og —tenester*
- *Hjelpa Samferdselsdepartementet ved ikraftsetjinga av forskrift om objekttryggleik*
- *Gjennomføra offentleg høyring av forslag om å innføra regelverk for klassifisering av ekominfrastruktur og fastsetja eit slikt regelverk*
- *Ta omsyn til dei strategiske utgangspunkta, tiltak, verkemiddel og fokusområda som ligg til grunn i "Strategi for samfunnssikkerheit og beredskap i samferdselssektoren" av oktober 2009*
- *Følgja opp resultatata frå prosjekta SAMROS og KRISIS (Krisescenario i samferdselssektoren) på Post- og teletilsynet sitt ansvarsområde*

PT kartlegg og analyserer årleg den viktigaste ekominfrastrukturen i Noreg. Kartlegginga skal danne grunnlaget for PT si vurdering av korleis tryggleiks- og beredskapsnivåa er i dag, og dessutan identifisera utfordringar som følgjer av den teknologiske og marknadsmessige utviklinga i samfunnet.

Året 2011 vart prega av omfattande utfall i mai og juni, og av konsekvensane av ekstremveret Dagmar i romjula. I tillegg prega hendinga 22. juli 2011 haustens arbeid. Som følgje av utfalla i mai og juni, bad SD om ei utgreiing av sårbarheita i mobilnetta med hovudvekt på kjerneelementa i desse netta. Endeleg rapport vart overlevert SD i januar 2012, og vi syner til denne rapporten.

Rapporten om sårbarheita i mobilnetta vart overlevert SD i januar 2012.

Samstundes med utgreiinga nemnt over, vart PT saman med Direktoratet for Samfunnstryggleik og Beredskap (DSB) pålagde av Justis- og beredskapsdepartementet og SD å greie ut samfunnets og særleg naudetatane si avhenge av ekom. Opphavleg skulle rapporten sendast departementa innan 1. november 2011, men fristen vart utsett til 1. mars 2012.

Samstundes med arbeidet med desse utgreiingane, har PT hjelpt SD med å innføre forskrifta om objektryggleik.

I 2011 gjennomførte PT forprosjektet "Felles ekom situasjonsforståing (FEKOMS)". Forprosjektet greia ut trongen og mogelegheiter for eit system som kan gje eit samla situasjonsbilete over tilstanden i ekomnett- og teneste, med føremål å støtte beredskapsaktørane si handtering av krise- og beredskapssituasjonar. Forutan PT, var fire tilbydarar med i prosjektgruppa. I tillegg vart det henta innspel frå ei referanse-/brukargruppe med beredskapsaktørar frå ulike sektorar. Forprosjektet, og erfaringane frå Dagmar, synte at det er ein openbart trong for betre informasjon om tilstanden i ekomnett- og tenestar. PT arbeider derfor vidare med FEKOMS-konseptet i 2012.

PT har i 2011 halde fleire foredrag i ulike møte, der tema har vore tryggleik og beredskap i ekomnett og -tenester.

Arbeidet med oppfølginga av utfalla i mai og juni, og andre pålagde oppgåver har ført til at fleire oppgåver har verte utsett til 2012. Dette gjeld mellom anna høyringa av

klassifiseringsforskrifta. Utsettinga førde til at einiskilde erfaringar frå ekstremveret Dagmar er med i utkastet som er sendt på offentleg høyring.

Evaluering av øvingar og tilsyn

PT har sidan 2008 samarbeida med Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) om regionale øvingar. I tillegg til aktørar frå ekom og kraft, er mellom andre vegstyresmakter, fylkesmenn og kommunar og med. Det overordna målet er å øve beredskap, evne til krisehandsaming, rolleforståing og samarbeid når det er storm, uvær og skred som kan skade kritisk infrastruktur. Etter gjeldande framdriftsplan skal alle kraftforsyningsdistrikta ha vorte øvd innan utgangen av 2012.

I 2011 vart det gjennomført fire regionale øvingar: Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal, Troms. Under øvingane har det vorte etablert eit godt beredskapssamarbeid mellom tilbydarane. Dei har nytte av å dele informasjon og samarbeide om ressursar i krise- og beredskapssituasjonar. Desse effektane ser ein og mellom kraft- og ekomsektoren.

Samhandling med regionale og lokale beredskapsstyresmakter er meir utfordrande. Den sentrale arenaen for samhandling mellom ulike sektorar i ein krisesituasjon av regionalt omfang, er fylkesberedskapsrådet hos Fylkesmennene. Rådet er sett saman av sentrale offentlege beredskapsaktørar og andre relevante organisasjonar, og vil i krisesituasjonar utgjere den sentrale eininga for støtte og samarbeid for Fylkesmannen. Grunna utfalla i mai og juni, og andre oppgåver PT skal løyse innan beredskapsarbeidet, har det i 2011 ikkje vore kapasitet til å følgje opp forslaget i rapporten frå 2010 om ein beredskapsorganisasjon for ekomsektoren lik den som kraftforsyninga har, utover å vinne erfaring gjennom øvingane vi har delteke i.

Dei regionale øvingane har også i 2011 synt at det ikkje er god nok tryggleik mellom kommunar og andre aktørar om bruken av eigne løysingar for å sikre elektronisk kommunikasjon i ei krise, mellom anna satellittelefoni som beredskapssamband når landbaserte ekomtenester fell ut. Fleire har ytra trong for betre kunnskap om kva for høve og veikskar som ligg i bruk av elektronisk kommunikasjon i ei krise, og dei ønskjer tilgang til satellittelefoni. Erfaringane vunne gjennom øvingane, materialiserte seg også under Dagmar. Grunna Dagmar, kor ekstremværet rammet eit vesentlig større område enn det som har vært øvd gjennom de regionale øvingane, har PT og NVE sett trongen for å øve på situasjonar med ekstremver over større geografiske område. Dei regionale øvingane vil derfor i 2012 og 2013 handle om ekstremver.

PT har gjennom dei siste åras innsamling og analyse av informasjon om ekominfrastruktur, identifisert nokre område i landet kor relativt mykje viktig utstyr for fleire ekomtilbydarar er lokalisert. Ei slik klynge med ekomannlegg var utgangspunkt for øvinga i 2010. Dette var ei skrivebordsøving og ho hadde deltakarar frå fem tilbydarar. Øvingsområdet vart utsett for ulike påkjenningar i fleire fasar: Transportulykke som involverte farlig gods, kraftutfall og heving av nasjonalt trusselnivå var ingrediensar i øvinga. I tillegg til sjølve spillet rundt scenarioet, inneheld øvinga to punkt:

- a) sjekk av tilbydarane sine beredskapsplaner
- b) orientering og samtale om forskrifta om objektsikring

I forlenginga av utfalla i mai og juni, ba SD om at PT følgjer opp Telenor Norge AS gjennom særleg tilsyn. Tilsynet vart gjennomført i oktober, og oppfølginga av tilsynet og utfalla er ennå ikkje fullførte.

Avtaler og pålegg

Stortinget løyva over Statsbudsjettet for 2011 26,1 mill. kroner til teletryggleik og beredskap over kapitel 1380, Post 70. Midlane er fordelte etter overordna føringar i PT sitt tildelingsbrev frå SD, og etter PT sine retningslinjer for Post 70.

Med heimel i ekomloven § 2-10 andre ledd, vart det i 2011 gjort avtalar med Telenor Norge AS, TeliaSonera Norge AS og Ventelo Networks AS om administrative og organisatoriske beredskapstiltak, drift- og vedlikehald av transportabelt utstyr som styresmaktene har finansiert, og kjøp av nytt beredskapsutstyr. Med Telenor Norge AS vart det inngått ytterligere avtale om investering, drift og vedlikehald av sikra anlegg.

Omgrepet "administrative og organisatoriske beredskapstiltak" inneheld krav om beredskapsplanar og deltaking i øvingar, og krav om sakshandsaming og beredskapsarbeid internt hos tilbydarar. For Telenor inneber dette i tillegg krav om tryggleiksklarering, oppgåver for Forsvaret/NATO og andre tryggleiksoppgåver.

Tilskot til drift- og vedlikehald av transportabelt beredskapsutstyr dekkjer ein del av lagerleige, straum og personalkostnader. Tilskotet er tufta på kor mange einingar med beredskapsutstyr som tidligare er kjøpt inn og kompensert av styresmaktene, og tidsperioden kor beredskapsutstyret har vore disponert.

Tilskot til innkjøp av beredskapsutstyr dekkjer utstyr som PT meiner er naudsynt for den nasjonale beredskapen og tryggleika i ekomsektoren, men som ein ikkje kan pålegge tilbydarane å kjøpe inn for eigen rekning. I 2011 vart det derfor inngått avtaler om montering av utvendige tilkoplingspunkt for reservestraum til basestasjonar og noderom, og anskaffing av mobile naudstraumaggregat.

Det vart inngått avtale med ein tilbydar om opprusting av to mobile einingar utstyrt med reservedelar tilpassa ny teknisk infrastruktur i deira mobilnett. Grunna forsinka levering, vart dette tiltaket utsett. Den avtalte dekkinga av kostnader for tiltaket, vart derfor ikkje utbetalt i 2011. Derfor avviker utbetalt beløp i 2011 med kr. 940.000 fra tildelt beløp. Tiltaket og kompensasjonsbeløpet er søkt overført til 2012, jf. vilkåra i PTs tildelingsbrev for 2011.

Med ein annan tilbydar inngjekk PT avtale om etablering av forbetra redundans i transportnettet mellom Trondheim og Tromsø. Tilbydaren har installert transmisjonsutstyr direkte inn i eksisterande fibernett for på denne måten og oppretthalde og styrke to separate transportnett med flere ringer mellom Nord- og Sør-Noreg. Meirkostnadane med denne styrkinga av transportnettet vert dekkja av midlar frå staten. Tiltaket skal vere ferdigstilt innan mars 2012.

PT meiner at pålagte tiltak har gitt positivt effekt og resultat. PT har ikkje gitt pålegg om andre tiltak enn dei som er inkluderte i ordninga for refusjon.

Oversyn over avtalene

Administrative og organisatoriske beredskapstiltak	Tildelt 2010	Tildelt 2011	Endring 2010/2011
Telenor Norge AS	6 859 000	6 699 300	-2,3 %
TeliaSonera Norge AS	651 050	492 800	-24,3 %
Ventelo Networks AS	1 676 000	835 200	-50,2 %
Sum administrative og organisatoriske beredskapstiltak	9 186 050	8 027 300	-12,6 %
Drift og vedlikehald av trampontabelt beredskapsmateriell			
Telenor Norge AS	3 281 760	3 500 000	6,7 %
TeliaSonera Norge AS	375 000	476 200	27,0 %
Ventelo Networks AS	520 000	535 000	2,9 %
Sum drift og vedlikehald av trampontabelt beredskapsmateriell	4 176 760	4 511 200	8,0 %
Investering i ekominfrastruktur og beredskapsutstyr			
Telenor Norge AS*	1 649 000	891 429	-45,9 %
TeliaSonera Norge AS	250 000		-100,0 %
Ventelo Networks AS	820 000	2 296 000	180,0 %
Sum investering i ekominfrastruktur og beredskapsutstyr	2 719 000	3 187 429	17,2 %
Sikra anlegg Telenor Noreg AS			
Drift og vedlikehald av Telenors sikra anlegg	6 912 000	7 134 071	3,2 %
Investeringstilskot Telenors sikra anlegg	2 306 190	2 300 000	-0,3 %
Sum sikra anlegg	9 218 190	9 434 071	2,3 %
Sum brukt av Post 70 midlar	25 300 000	25 160 000	-0,6 %
Fordelt per tilbydar			
Telenor Norge AS	21 007 950	20 524 800	-2,3 %
TeliaSonera Norge AS	1 276 050	969 000	-24,1 %
Ventelo Networks AS	3 016 000	3 666 200	21,6 %
Sum brukt av Post 70 midlar	25 300 000	25 160 000	-0,6 %
Sum løyvde midlar	25 300 000	26 100 000	3,2 %
Avvik (omsøkt overført til 2012)	-	940 000	

*Telenor Norge AS vart i tillegg pålagt å gjennomføre tiltak for kr 57 571 i 2011 som ikkje vart gjennomført som avtalt i 2009.

Datalagringsdirektivet

Ved lov 15. april 2011 nr. 11 vart det vedteke endringar i ekomlova og straffeprosesslova mv. som gjennomfører EUs datalagringsdirektiv i norsk rett. Vedtaket har grunnlaget sitt i Prop. 49 L (2010-2011) og Innst. 275 L (2010 – 2011) og tyder at Noreg implementerte direktiv 2006/24/EF om lagring av data framkome ved bruk av offentlig elektronisk kommunikasjonsteneste og offentlig elektronisk kommunikasjonsnett, med endring av direktiv 2002/58/EF.

Av Prop. 49 L (2010-2011) og Innst. 275 L (2010 – 2011) går det fram at det skal utarbeidast meir detaljerte reglar om datalagring. SD har gjeve PT i oppdrag å utarbeide og sende på høyring forslag til forskrift, med heimel i ekomloven §§ 2-7, 2-7a og 2-8. PT har gjennom 2011 jobba med denne forskrifta.

JD, SD, FAD, Datatilsynet og Nasjonal Sikkerhetsmyndighet (NSM) har og ansvar for å innføre ytterlegare regelverk.

Forslaget inneber ei presisering av kva for data som er lagringspliktige. Forskrifta gir og ei rekkje detaljerte krav om korleis data skal handsamast i den seks månaders perioden.

Stortinget har vedteke at det skal lagras, og mellom anna gjeld det:

- krav til sporing av handsaming av lagringspliktige data
- krav til autorisering av dei som skal handsame desse dataene
- regulering av når autorisert personell kan handsame lagringspliktige data
- regulert korleis lagringspliktige data skal verte tilrettelagt når nokon som etter forskrifta har slikt høve, krev å få dei utlevert.

PT har arbeidd saman med mellom andre Datatilsynet, justissektoren og representantar frå ekomsektoren i utforminga av forskrifta. Forslaget til PT tar inn over seg både trongen som justissektoren har og omsynet til personvernet. Omsynet til like konkurransevilkår i ekomnæringa har og vore særskilt viktig når PT har utarbeidd forslaget.

PT har også delteke i arbeidet til kostnadsfordelingsutvalet, som hadde som mandat å fremje forslag til korleis kostnadane tilbydarane ville få med lovendinga skulle fordelast mellom staten og tilbydarane.

Mål 7

PT skal føra tilsyn med ekomnett og ekomutstyr i samsvar med den europeiske utviklinga på utstyr- og tenesteområdet.

Til årsrapporten skal PT rapportere frå desse aktivitetane:

- *Implementera relevante delar av det europeiske regelverket i det nasjonale regelverket*
- *Gjennomføra tilsyn og kontroll av ekomnett og ekomutstyr (marknadskontroll)*
- *I samarbeid med skuleverket og bransjen leggja til rette for gode utdanningstilbod for ekominstallatørane*
- *Informera om regelverket og marknadskontrollen på Post- og teletilsynet si nettside og gjennom kontakt med bransjen*

PT sende i 2011 ut Forskrift om forskrift om EØS-godkjenning av maritimt radioutstyr på høyring. Endringa i forskrifta vil ta inn relevante endringar i maritimt skipsutstyrsdirektiv (Direktiv 96/98 EF). Endra forskrift vert vonleg fastsett i 2012.

PT jobba i 2011 særleg med marknadskontroll av mobilforsterkarar, maritimt utstyr, modellfjernstyring og nye mobiltelefonmerke. Ulovleg bruk av mobilforsterkarar har skapt forstyringar i mobilnetta. PT har derfor arbeidd aktivt med utstyrskontroll og informasjon til forhandlarar, med målet å redusere omsetjing av slikt utstyr i Noreg.

Forbrukarar vil ikkje få løyve av netteigarane til å ta slike einingar i bruk, og det er derfor

problematisk at utstyret er lovleg å omsetje.

I marknaden for omsetjing av modellfjernstyringar publiserte PT informasjon om at noen aktørar seljer utstyr som ikkje er produsert for den europeiske marknaden, og dermed opptrer på feil vilkår i marknaden. Det vart gjennomført tilsynsbesøk hos to forhandlarar. Resultata stadfesta forholda, som vart vurderte som så alvorlige at aktørane vil få overtredelsesbot. Generelt syner utstyrskontrollane at mykje utstyr i marknaden ikkje overheld krava til omsetjing. Av 58 kontrollerte modellar i 2011 vart omsetjinga stansa for 25 av desse.

I 2011 vart det gjennomført i alt 50 tekniske kontroller av ekomnett, 30 av dei var kabel-tv-nett og 20 var parkabelnett. Resultata av kontrollane synte generelt god teknisk standard for kabel-tv-netta. Men dokumentasjonen er til dels dårleg for ganske mange anlegg. For parkabelanlegg avdekk tilsynet tekniske manglar i mange tilfelle.

PT held foredrag i forskjellige samanhengar, særleg for aktørane i nettmarknaden. Ei målsetjing er å gjere aktørane betre kjent med regelverket, sånn at dei kan ta omsyn til dette i planlegginga av nye bygg og anlegg.

PT har i 2011 leia ei arbeidsgruppe med representantar frå fagskulane og bransjeforeiningane og fått til følgjande:

- etablert eit tilnærma likt undervisningstilbod på sju fagskular og tatt initiativ til å tilpasse modulen til kvalifikasjonskrava i ny autorisasjonsforskrift
- vore aktiv gjennom informasjons- og tilsynsaktivitet til at fleire hundre verksemder i 2011 gjennomførde ekommodulen. Dette har gjeve gode resultat og ført til ei særleg god vekst i talet på autoriserte verksemder i 2011, frå 1634 til 1854.
- ferdigstilt og satt i kraft ny, forenkla autorisasjonsforskrift som er betre tilpassa måten bransjen arbeider på
- halde foredrag for ekomstudentar på alle fagskular som har ekommodul, og elles vore aktiv på konferansar og i bransjemøte med å informere om krava som gjeld til autorisasjon.

Risikostyring

PT har dei siste åra arbeidd med risikovurderingar. Dette arbeidet vart vidareført i 2011.

Våren 2011 vart det gjennomført ei risikoanalyse av måla i tildelingsbrevet og utarbeidd ei risikoanalyse som vart presentert for departementet på etatsstyringsmøtet i juni. PT legg til grunn DFØ sin vegleiar og metodedokument ved utarbeiding av risikoanalysa.

Oppsummering av risikobildet

Proessen med systematisk vurdering av risiko tilknytt måloppnåing er vidareført og forankra i PT si leiing.

Det gjennomgåande i risikoanalysa er at mangel på kompetanse internt er ein risikofaktor, men det truer ikkje måloppnåing i særleg grad. PT har dei siste åra hatt stabil arbeidskraft,

så vi meiner at risikoen for at desse delmåla ikkje blir nådd er liten. Uvisse om framtida til nettsida Telepriser.no aukar risiko for full måloppnåing. Vidare er det uvisse om tidspunkt for ikraftsetjing av ny ekompakke, noko som verkar inn på PT sitt arbeid. Kontakt og dialog med bransjen og media må oppretthaldas for at PT skal vere ein tydeleg styresmakt, og dette arbeidet er krevjande.

Vurdering av tiltak

Risikovurderinga syner at dei fleste måla har moderat risiko og krev noe merksemd framover. Fysisk avstand til mediehusa gjer at PT bør jobbe enda sterkare med regionale redaksjonar som representerer dei store redaksjonane. Når det gjeld risikoen knytt til kompetanse, arbeidar PT med kunnskapsoverføring i form av intern oppbygging og spreing av nøkkelkompetanse.

Konklusjon av risikovurderinga

Gjennomgang av tildelingsbrevet for 2011 syner at PT har kontroll på dei fleste hovudmåla, men at enkelte delmål krev meir merksemd. Det er framleis enkelte mål som kan tydeleggjerast for å kunne operasjonaliseras betre.

Administrative høve

Inkluderande arbeidsliv

PT har lagt til grunn følgjande mål for IA-arbeidet

1. PT har som resultatmål at sjukefråværet skal vere lågare enn 5 %.
2. PT skal leggja til rette for at funksjonshemma skal kunne prøve seg i jobb i PT, og i tillegg ta vare på eigne tilsette på best mogleg måte.
3. Yrkesaktivitet etter fylte 50 år forlengjast med 6 månader

Dei same måla er vidareførte i PT sin handlingsplan for 2012.

Lærlingar i staten

PT har i 2011 ikkje hatt lærlingar, men vurdert høvet til å by på lærlingplass. Frå hausten 2012 vil PT ta inn ein lærling i IKT.

Gjere offentlege data tilgjengelige

PT har i aukande grad lagt fram offentlege data som er etterspurte til dømes av analytikarar.. PT vil vurdere å gjere data tilgjengelige for automatisk lesing for dei nettstadene og tenestene der dataer etterspurte.

Personalmessige høve

I PT var det 149 tilsette per 31.desember 2011. Av desse var fem mellombels tilsette og 1,4 årsverk har permisjon utan løn. Totalt i PT er det 37 % kvinner og 63 % menn.

7 av 22 leiare er kvinner, det vil si 32 % kvinnelige leiarar.

PT har ni tilsette med innvandrarbakgrunn (6 %).

Alle pendlaravtalene tok slutt i mai 2011.

Hausten 2011 gjennomførte PT ei omorganisering som gjorde at talet på avdelingar vart redusert i frå seks til fire og talet på seksjonar vart endra i frå 15 til 10. Omorganiseringa vart gjort gjeldande frå 1. januar 12. Omorganiseringa vart gjort for å få ein meir effektiv drift, og det var og eit mål å ha færre personalleiarar i PT.

PTs fokuserer på å fremje likestilling ved blant anna å hindre kjønnsdiskriminering innan rekruttering, i råd og utval, delegasjonar og deltaking i prosjekter og arbeidsgrupper.

PT skal vere ein trygg og inkluderande arbeidsplass, der dei tilsette uavhengig av etnisk opphav, alder og funksjonsevne blir respekterte og sette.

Kvinner og menn skal ha like høve til positiv karriere- og lønsutvikling.

I samarbeidsutvalet møter likestillingstillitsvalt med tale- og forslagsrett.

I utforming av bygget er det tatt omsyn til best mogleg universell utforming, slik at det ikkje er fysiske hindringar i vegen for å tilsette funksjonshemma. Den einskilde sin trong for særlege hjelpemiddel blir prioritert, både for å sikre tilgjenge for alle og for å førebygge arbeidsrelatert sjukdom.

Økonomi

Kap. 1380 PT

PTs totale løyving for 2011, inkludert overførte midlar, for kap. 1380 er 204,8 mill. kroner og det vart regnskapsført 194,9 mill. kroner. Regnskapsbeløpet fordeler seg med 157,3 mill. kroner til driftsutgifter, 12,5 mill. kroner til større nyanskaffingar og vedlikehald og 25,2 mill. kroner til tilskot til teletryggleik- og beredskap. Nedafor følgjer kommentarar til regnskapstala, fordelt på dei ulike postane.

Post 01 Driftsutgifter

Tilskot iht. saldert budsjett for 2011	162 000 000
Overføring frå førre termin	0
Endring i tilskot, jf brev frå SD av 10.10.2011, Fordeling av lønnskompensasjon	1 070 000
Sum tilskot	163 070 000
Rekneskap	157 274 890
Mindreutgift	5 795 110
Motregna kap. 4380, post 03	0
Motregna kap. 4380, postane 16 og 18	3 202 947
Mindreutgift motregna meirinntekter og refusjonar	8 998 057

Av reknskapsført beløp på 157,3 mill. kroner, fordel 94,8 mill. kroner seg på løn og arbeidsgjevaravgift (før refusjonar), 15,7 mill. kroner til reiseutgifter, 14,5 mill. kroner til drift av bygningar/ lokalleie, 10,4 mill. kroner til konsulentar, 9,0 mill. kroner til vedlikehald/drift

maskiner, 6,3 mill. kroner til kontorteneste, og dei resterande 6,6 mill. kroner til andre driftskostnader.

Mindreutgifta, korrigert for refusjonar, utgjer 9,0 mill. kr. Dette avviket forklarast med lågare kostnader til løn/personell med 2,3 mill. kroner, konsulenthonorar med 2,2 mill. kroner, reiseutgifter med 1,7 mill. kroner, vedlikehald av programvare med 1,2 mill. kroner, kontortenester med 1,0 mill. kroner og medlemsavgifter og støtteordningar med 0,8 mill. kroner.

Det overførast ingen midlar frå 2011 til 2012 på denne posten, og mindreforbruket balanserast mot reguleringsfondet.

Post 45 Større utstysanskaffingar og vedlikehald

Tilskot iht. saldert budsjett for 2011	14 800 000
Overført frå førre termin	796 000
Sum tilskot	15 596 000
Rekneskap	12 508 292
Mindreutgift	3 087 708
Søkast overført til 2012	0
Resterande mindreutgift	3 087 708

Av rekneskapsført beløp på 12,5 mill. kroner, utgjer 5,8 mill. kroner kjøp av instrumenter, 4,4 mill. kroner kjøp av programvare og IT-utstyr, 0,4 mill. kroner kjøp av ny målebil og 1,8 mill. kroner diverse investeringar.

Det rekneskapsførte beløpet er 3,1 mill. kroner lågare enn totaltilskotet, inkludert overførte midlar. Årsaka til mindreforbruket er forsinking i kjøp av programvare og oppføring av målestasjonar. Fordi planer for anskaffingar for 2012 ligg under tidlegare estimat, er det ikkje trong for å overføre midlar på post 45.

Post 70 Tilskot til teleberedskap og tryggleik

Tilskot iht. saldert budsjett for 2011	26 100 000
Overført frå førre termin	0
Sum tilskot	26 100 000
Rekneskap	25 159 999
Mindreutgift	-940 001

Post 70 er ei tilskotsordning for tiltak innan telesikkerheit og beredskap. Tilskota tildelast ekomtilbydarar for å kompensere for meirkostnadene som følgjer av avtalte tiltak mellom PT og kvar tilbydar. Dette følgjar av Ekomloven § 2-10, 4. ledd.

I 2011 vart det inngått beredskapsavtaler med Telenor Noreg AS, TeliaSonera Noreg AS og Ventelo Networks AS. Avtalene knytt seg til administrative og organisatoriske beredskapstiltak, drift- og vedlikehald av styresmaktsfinansiert transportabelt beredskapsutstyr, og om investering i ekominfrastruktur og beredskapsutstyr. Avtala med Telenor Noreg AS inneheld i tillegg drift og vedlikehald av deira fortifikatoriske anlegg. I

tillegg er investeringstilskot for nødvendig oppgradering av anlegga avtalt for perioden 2010-2012.

Tryggleik i samband med mobiltelefoni og Internett i samfunnet er prioritert. I 2011 vart det difor inngått avtaler om montering av utvendige tilkoplingspunkt for naudstraum til basestasjonar og noderom, anskaffing av mobile naudstraumsaggregat, og tiltak for auka redundans i ein tilbydars transportnett mellom Trondheim og Tromsø.

Det vart også inngått avtale med ein tilbydar om opprusting av to mobile einingar utstyrt med reservedelar tilpassa ny teknisk infrastruktur i mobilnettet. Grunna forseinka levering vart tiltaket utsett. Mindreutgifta på 0,9 mill søkast overført til 2012.

Per 31. januar 2012 har Telenor Noreg AS bekrefta at utbetalt kompensasjonsbeløp etter avtale er nytta i 2011. Alle tilskotsmottakarane skal innan 31. mars 2012 rapportere til PT om bruken av midlane som er mottatt i 2011.

Kap. 4380 Post- og teletilsynet

Løyve iht. saldert budsjett for 2011	156 800 000
Endring i løyve, jf brev frå SD av 10.10.2011, Fordeling av lønnskompensasjon	1 070 000
Sum løyve	157 870 000
Rekneskap (inkl. adm. av 5-sifret nummerforvaltning og refusjonar)	159 524 545
Mindreinntekt	-1 654 545


Post- og teletilsynet har i 2011 inntektsført 159,5 mill. kroner på dette kapitlet. Nedafor følgjer kommentarar til inntektene fordelt på poster.

Post 01 Diverse avgifter og gebyr

Tilskot iht. saldert budsjett for 2011	156 800 000
Endring i løyving, jf brev frå SD av 10.10.2011, Fordeling av lønnskompensasjon	1 070 000
Sum tilskot	157 870 000
Regnskap 2011 inkludert adm. av 5-sifret nummerforvaltning	156 321 598
Mindreinntekt	1 548 402

Posten omfattar innbetalte gebyr til Post- og teletilsynet og utgjer 156,3 mill. kroner. 3,2 mill. kroner av dette gjeld administrasjon av 5-sifra nummerforvaltning. På denne posten utgjer tap på fordringar 0,1 mill. kroner. PT har ein mindreinntekt på 1,5 mill. kroner målt mot inntektskravet.

Gebyra fordeler seg av totalen på følgjande vis:



Post 16 Refusjon foreldrepengar

Tilskot iht. saldert budsjett for 2011	0
Rekneskap 2011	2 104 262
Meirinntekt	2 104 262

Meirinntekta gjeld refusjon av foreldrepengar som er rekneskapsført i 2011.

Post 18 Refusjon sjukepengar

Tilskot iht. saldert budsjett for 2011	0
Rekneskap 2011	1 098 685
Meirinntekt	1 098 685

Meirinntekta gjeld refusjon av sjukepengar rekneskapsført i 2011.

Post 51 Reguleringsfondet

IB per 01.01.11	53 885 787
Overføring til reguleringsfondet	537 364
UB per 31.12.2011	54 423 151

I 1992 vart reguleringsfondet for PT oppretta. Fondet er eit hjelpemiddel for å kompensere for inntektsoverskot som følgjer av mindreutgifter eller meirinntekter, og ved upårekna inntektssvikt. På det viset kan kravet om full kostnadsdekking verte tilfredsstillt utan store gebyrendringar i det einkilde året.

Reguleringsfondet var ved inngangen til 2011 på 53,9 mill. kroner. I St.prp. nr. 24 (2008-2009) står det at fondet gradvis skal trappast ned. I følgje Prop. 1 S (2010-2011) vert det budsjettert for 2011 med 10 mill. kroner i inntekter/overføringar frå reguleringsfondet. Grunna

mindreforbruk på post 01, og store refusjonar frå NAV, vart det overført 0,5 mill til reguleringsfondet i 2011.

Saldoen på reguleringsfondet per 31. desember 2011 er 54,4 mill. kroner.

Sum inntekter kap. 4380, postane 01-18	159 524 545,37
Sum utgifter kap. 1380, postane 01 og 45	169 783 181,43
Inntektsunderskot før overføringar	-10 258 636,06
Overført frå 2010 post 01	0,00
Overført frå 2010 post 45	796 000,00
Finansiering av radiostøykontrollen	10 000 000,00
Inntektsoverskot	537 363,94
Søkast overført til 2012, kap. 1380, post 01	0,00
Søkast overført til 2012, kap. 1380, post 45	0,00
Til reguleringsfondet	537 363,94

Kap. 5583 post 70 5-sifret nummerserie – forvaltning

5-sifra nummerserie forvaltning, avgiftsdel	23 723 090
---	------------

PT administrerer ordninga med 5-sifra nummerforvaltning. Inntektsført beløp på 23,7 mill. kroner gjer ein auke på 0,8 mill. kroner frå 2010.